

Eldrerådet 21.11.2022

PS 017/2022: Friluftslivet sine ferdseksårer i Masfjorden - høyring

Ivar Haukeland la fram høyringsnotat frå Pensjonistforbundet Nordbygda:

HØYRING- PLAN FOR FRILUFTLIVET SINE FERDSELSÅRER I MASFJORDEN KOMMUNE 2022-2030

Vi viser til høyringsutkast datert 26.10.2022. Pensjonistforbundet i Nordbygda set pris på at vi får vera med å gje uttale til denne. Dette er ein viktig plan for friluftsliv og folkehelsa, også for mage av våre medlemmar. Det er g prisverdig at det i alle tre bygdelaga blir tilrettelagt turløyper med universal utforming.

Til planen har vi desse merknadane:

Vi støtter at det er sett ei begrensing på 30 pluss 30 nye turar. Likevel er dette etter kvart eit omfattande tunett som vil kreva mykje for å få til eit godt samarbeid mellom kommunen, grunneigarar og ulike frivillige lag og enkeltpersonar. Dette for å utvikla og vedlikehalda turstiane Vi ser at kommunen både må deta med midlar årleg, og å vera behjelpeleg med å søkja midlar frå andre eksterne for å opparbeida gode og tygge turoppligg.

Mange seterbygningar i Masfjorden er i dag bra vedlikeheldne og i bruk. Vi ser likevel at det er bgnings som skulle hatt ei oppgradering fr dei går til grunne. Her kunne kommunen gjerne vore behjelpeleg med å sjå om det er mogeleg å få eksterne midlar til restaurering. Om grunneigar ikkje vil nyttta seterbygningane så mykje sjølv, vil dei kunne brukast til utleige, noko som kan sytrka inntektsgrunnlaget på garden. Slik vbil også fleire få glede av den fine fjellnaturen vi har her i Masfjorden. Det er alltid mykje kjekkare å komma til plassar der bygningar og tun er vedlikehaldne.

Turane på noverande kart er fargesett med ulike fargekodar alt etter vanskelegheitsgrad. Vi ville sett pris på om det hadde vore med ei ca-td på kor lang tid turen vil ta, i alle fall på dei litt lengre turane. Jamfør det vi finn i planen på side 11 og 12. Dette kunne komma fram på eit lite vedlegg til turkartet om det ikkje er plass på sjølve kartet.

Vi har og merka oss at det manglar mange avtalar med grunneigarar. Dette ser vi på som ein viktig del for å få eit godt samarbeid og for å unngå misforståingar, særleg der det er beitande dyr. Likeins ser vi at idrettslaga/bygelaga får ei stor oppgåbe med framtidig tilsyn og vedlikehald. Det er viktig at denne frivilligheita blir verdsett av kommunen. Gjerne ved å bidra med økonomisk støtte til handverktøy og materialar, og bed tilrettelegging av blant anna parkeringsplassar.

Til punkt 6.1- Oversyn over turruter i planen har vi desse merknadane:

Side 10, punkt 6 stården lange Bjørn West marsjen. Her bør det og komma med eit punkt som omtalar den korte Bjørn West marsjen frå Nystølen til Stordalen Fjellstove på ca 6 km. Denne turen er mindre krevjande og er noe ein etablert del av turmarsjen. Dette er og ein T-merka sti.

I punkt 8 på same sida står det om turen Kringla - Stordalen. "Traséen er godt skilta og merka". Vi har tilbakemeldningar på at det er banskeleg å finna stien opp på fjellet i den første dalen i frå Kringla.

Side 11, punkt 2.6 finn vi Fossen - Ådneburen. Detter er eitt av fjell i Masfjorden som ber navnet Ådneburen. Vi meinar difor at denne Ådneburen som er nevnt her burde bore namnet Indre Ådneburen.

Alt i alt eit godt utkast med fine bilder. Her er opplegg til mange fine turar der folk kan få sine eigne bilde både i sinn og fysisk. Vi ser fram tilden nye planen og kartet.

Eldrerådet støttar framlegget til pensjonistforbundet Nordbygda.